



Alver Kommune ved Plan og analyse
Kristin Nåmdal
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/1555 - 23/34009

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
03.05.2023

Oversender søknad om dispensasjon for etablering av overflateparkering i Knarvik Sentrum til uttale - gbnr 188/385 Gjervik ytre

Tiltak: Overflateparkering
Byggjestad: Gbnr: 188/385
Tiltakshavar: Alverporten As
Ansvarleg søkjar: Arc Arkitekter As

Saka gjeld søknad om mellombels dispensasjon til opparbeiding av overflateparkering på eigedomen gbnr 185/385 i Knarvik Sentrum. Det skal etablerast 67 parkeringsplassar. Tilkomst skal skje frå Lyngvegen via gbnr 188/389 der Statens vegvesen er grunneigar.

Lyngvegen skal i følge områdereguleringsplanen for Knarvik Sentrum stengast. Det er i vedtak datert 25.02.2021 i Utval for areal, plan og miljø gitt dispensasjon frå områdeplanen for kravet om detaljregulering og vist stenging av Lyngvegen, jf. arkivsak 20/8216.

Det er gitt dispensasjon og rammeløyve til oppføring av forretnings- og bustadbygg på del av BS7 og BS8 med parkeringskjellar i vedtak i Utvalt for areal, plan og miljø 08.02.2023, jf. arkivsak 22/5386.

Tiltaket er nabovarsla. Statens Vegvesen skriv i merknad datert 17.02.2023 at dei ikkje har vesentlege merknadar til at det vert etablert mellombels parkeringsplass på arealet, men at det må gjerast avtale med dei dersom tilkomst skal etablerast over gbnr 188/389.

Planstatus

Tiltaket ligg delvis innanfor områdeplanen for Knarvik sentrum med planid. 1263-201002, og delvis innanfor områdeplanen Tunnel på fv. 57, Knarvik – Isdalstø med planid. 1263-201201.

Innanfor områdeplanen for Knarvik Sentrum er tiltaket i strid med arealføremålet sentrumsføremål BS7, føresegsområde #12 som er mellombels rigg- og anleggsområde, jf. føresegn 3.2.6 d), og kravet om at all parkering skal skje under bakken i føresegn 3.1.9.


Innanfor tunnel-planen for fv. 57 er tiltaket plassert i strid med arealføremålet anna veggrunn

grøntareal, o_VG, gang- og sykkelveg, o_GS, og veg o_KV.

Planlagt parkeringsareal



Tiltak illustrert på plankart



VURDERING

Søknaden vert oversend for uttale i samsvar med plan- og bygningslova § 19-1.

Veglova

Det er vår vurdering at tiltaket vil krevja utvida avkjøringsløyve frå kommunal veg, jf. veglova.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Dispensasjonssøknad 2023-04-13
Situasjonsplan
Plan parkering
Lyngvegen 2 og 4

Kopi til:

Alverporten As	Radøyvegen 239	5911	ALVERSUND
Arc Arkitekter As	Vestre Kanalkai 20	7010	TRONDHEIM

Mottakrar:

Alver Kommune ved Plan og analyse	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Alver Kommune ved Samferdsel, veg, vatn og avløp - forvaltning	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Statens vegvesen	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	Lillehammer
Statsforvaltaren I Vestland	Njøsavegen 2	6863	Leikanger
Vestland Fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen